



# KYSTVERKET

Vest

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
postmottak.sentraladm@sfj.no

Dykkar ref.:  
15/10125

Vår ref.:  
2015/2066-4

Arkiv nr.:

Saksbehandlar:  
Johan Sørensen

Dato:  
21.03.2016

## Uttale - Revidering av forskrift om hausting av tare i Sogn og Fjordane

Det vises til oversending dagsett 16. mars 2016 med revidert forskrift om hausting av tare i Sogn og Fjordane. Kystverkets oppgave i denne sammenheng vil være, som det går fram av havne- og farvannsloven §1, å leggja til rette for god framkomelegheit, trygg ferdsel og forsvarleg bruk og forvaltning av farvatnet.

Taretråling utøvas i hovudsak nært opp mot land på djupner mellom 2 til 20 meter. Det vil seie at mye av taretrålinga går føre seg i sjøområder utanom farleisarealet. Skipstrafikk vi har registrert går i stor grad utanfor områder der det er mogleg å drive taretråling. Vi kan derfor ikkje sjå at trålinga vil utgjere noko vesentleg hinder eller ulempe for vanleg og pårekleleg skipstrafikk.

Vi må likevel knytte nokre få kommentarar til saken.

Vi har registrert ankringsområd i og nært opp til områder det kan trålast tare i. Ankring i desse områda vil skje sporadisk. I dei fleste tilfella i forbindelse med uværs periodar og over kortare tidsrom. Aktuelle ankringsområder er områder vest og sør for Florø og i Vilnesfjorden. Kart som viser dei aktuelle områda følgjer vedlagt. Vi kan også vise til våre data på kartsidene under <http://kart.kystverket.no/>. Når skip ligg for anker kan dette vanskeleg gjere tråling.

Vi kan også nemne at det langs kysten finnes ei rekke kablar, både tele og el-kablar, røyr og leidningar som ligg i traséar på sjøbotn. Dette er forhold som må iakttas ved tråling etter tare slik at ein unngår skade på desse. Kabel og røyrtraséane er innteikna i sjøkart og det er også sett opp skilt på land som gjer merksam på dette.

Med helsing

Knut Stenevik

Johan Sørensen

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

### Region Kystverket Vest

Sentral postadresse: Kystverket  
Postboks 1502  
6025 ÅLESUND

Telefon: +47 07847


Internett: [www.kystverket.no](http://www.kystverket.no)  
E-post: [post@kystverket.no](mailto:post@kystverket.no)

For besøksadresse se [www.kystverket.no](http://www.kystverket.no)

Bankgiro: 7694 05 06766

Org.nr.: NO 874 783 242

Vi ber om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson



**Ankringsområde Vilnesfjorden**

2016-03-21 10:39

Kystverket



N61.22994, E4.88285

Navig  
E20  
opprinn

GR Luberg  
Vilnes  
118  
Rosa



**Ankringsområder vest og sør av Florø**

2016-03-21 10:29

Kystverket

2500m

N81.58451; 04.86323

Eksterne kopimottakere:  
Fiskeridirektoratet region Vest [postmottak@fiskeridir.no](mailto:postmottak@fiskeridir.no)

Vedlegg: Kart som viser ankringsområder



Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

Att: Elisabeth Aune

Deres ref: 15/10125

Vår ref: 2015/572

His 06.04.2016

Arkivnr: 321

Løpenr: 5265/2016

## **HAVFORSKNINGSINSTITUTTETS HØRINGSSVAR - REVIDERING AV FORSKRIFT OM HØSTING AV TARE I SOGN OG FJORDANE**

### **Høyring - revidering av forskrift om hausting av tare i Sogn og Fjordane**

Havforskningsinstituttet overvåker tilstanden på utvalgte høstefelt for tare på kyststrekningen Rogaland – Trøndelag, hvorav 12 høstefelt i Sogn og Fjordane. Overvåkingen gjennomføres ved hjelp av undervannsvideo og er stikkprøvebasert. I tillegg til utvalgte høstefelt, overvåkes også tilstanden i enkelte områder der tarehøsting ikke foregår (referanseområder).

Havforskningsinstituttet har i de senere år også gjennomført mer omfattende studier av effekter av tarehøsting i forbindelse med prøvehøstingsprosjekter i Nord-Trøndelag og Nordland.

Kunnskap ervervet gjennom disse prosjektene og overvåkingsprogrammet tyder på at selve tareressursen (dvs tarebiomassen) stort sett re-etableres innenfor en syklus på 4-5 år, mens restitusjon av tarevegetasjonens biologiske mangfold knyttet til begroingsorganismer (epifytter), og alderstruktur krever lengre tid (Steen *et al.* 2014, 2015). Hvis en fullstendig reetablering av taresamfunnene etter høsting er en målsetning, i henhold til prinsipp om økosystembasert forvaltning, bør man vurdere en høstesyklus som er lengre enn 5 år. Hvis målsetningen derimot er en maksimal ressursutnyttelse av stortare så vil en høstesyklus på 5 år sannsynligvis være tilstrekkelig. Selv om en reetablering av tareskogen skulle oppnås innenfor praktiserte høstesyklus på 5 år, vil et eventuelt reetablert tareøkosystem ha kort varighet før det blir utsatt for en ny høsterunde. En lengre høstesyklus vil derfor gi tareøkosystemene bedre muligheter til å utvikle en klimakstilstand av en viss varighet.

En alternativ forvaltningsstrategi som kombinerer optimal ressursutnyttelse samtidig som tareskogens økosystemfunksjonalitet opprettholdes, kan være å avsette mer definerte områder med godt ressursgrunnlag til tarehøsting (med en høstesyklus som gir maksimalt ressursutbytte over tid), samtidig som høstingen begrenses i andre områder der tareskogen får bedre vilkår til å utvikle klimakssamfunn og realisere maksimal økosystemfunksjonalitet. De gjeldende og foreslåtte sektorbaserte høstefeltene inneholder f.eks betydelige arealer der det ikke vokser tare, eller som er lite egnet for tarehøsting av andre årsaker. En klarere avgrensning av høsteareal innenfor hver sektor vil bedre synliggjøre de områder der høsteaktiviteten faktisk foregår og dermed kunne virke konfliktdempende. Begrenset høsteaktivitet kan f.eks også være aktuelt i verdifulle gyte og oppvekstområder for fisk, samt områder med stort konfliktpotensial vis a vis andre næringer og interessegrupper. Her kan også en innkorting av høstesesongen også være et virkemiddel som reduserer eventuelle negative effekter av tarehøstingen, både ved at man unngår høsteaktivitet i de mest sårbare sesonger og reduserer sjansen for gjentatte overtrålinger av det samme området i løpet av en høstesesong.

Effekter av tarehøsting undersøkes bl.a ved å sammenligne tilstanden i høstede områder og referanseområder, der sistnevnte representerer en naturtilstand med en tarevegetasjon som antas upåvirket av høsting. I områder som er upåvirket av tarehøsting er det ikke uvanlig at tarevegetasjonen domineres av planter som er 10 år gamle (Steen *et al.* 2015). Etablering av referanseområder med en aldersstruktur tilnærmet lik den i upåvirkede områder vil dermed kreve lang tid. Det vil derfor være mest rasjonelt å utnytte områder med eksisterende permanent høsteforbud som referanser. I nordlige deler av Sogn og Fjordane (Selje, Vågsøy og Bremanger kommuner) er det få områder med permanent forbud mot høsting av stortare og som derfor egner seg som referanseområder. Et område som kan være aktuelt som referanse både i overvåkingssammenheng, og for framtidige forskningsprosjekt, er indre deler av Bremangerpollen (inklusive Rylandspollen). Havforskningsinstituttet vil derfor anbefale at man opprettholder forbudet mot tarehøsting innenfor eksisterende grenser i indre deler av Bremangerpollen, inklusive Rylandspollen (jfr. Fig. 4 i høringsdokumentet). Dersom man allikevel skulle velge å åpne deler av området for tarehøsting (jfr. Fig. 5 i høringsdokumentet), bør det gjennomføres før og etter undersøkelser for å dokumentere eventuelle effekter av høsteaktiviteten.

Når det gjelder ny inndeling av høstefelt (bl. a i Gulen, Solund, Askvoll, Flora og Selje kommuner) så vil de justerte feltgrensene og bokstavkodene (som definerer åpningsperioden for feltene) som er

forslått i revidert forskrift, kunne medføre at den tidligere høstesyklusen på omdefinerte felt, eller deler av disse, vil komme i utakt med høstesyklusen som blir gjeldende for de nye feltene. Slike områder vil dermed risikere å få innkortet hvileperiode ved førstegangshøstingen av de nykomponerte feltene, noe som kan være uheldig vis a vis tarevegetasjonens reetablering. I de tilfeller der bokstavkoden endres anbefaler Havforskningsinstituttet at de arealer som har vært åpne for høsting i løpet av de siste 4 årene før førstegangshøsting av de omdefinerte feltene, ikke åpnes for tarehøsting før i andre høsterunde.

Havforskningsinstituttet vil også anbefale Sogn og Fjordane fylkeskommune om å arbeide for å få en best mulig oversikt over biomassen av stortare i fylket. En god oversikt over de totale tareressursene vil gi langt større sikkerhet for at taren høstes bærekraftig, og kunne åpne opp for effektive høstingsstrategier i fremtiden.

På vegne av Havforskningsinstituttet


Jan Atle Knutsen  
Programleder

Henning Steen  
Forsker

#### Referanser

Steen H, Moy FE, Bodvin T. 2014. Prøvehøsting av stortare i Nord-Trøndelag – Gjenvekstundersøkelser 2010–2014. Rapport fra Havforskningen 2014-3.

Steen H, Bodvin T, Moy FE, Sannæs H, Øverbø Hansen H. 2015. Undersøkelser av stortarehøsting i Nordland i 2015. Rapport fra Havforskningen 2015-26.





3



**SOGN OG FJORDANE FISKARLAG**  
FISKERNES HUS  
Postboks 173 – 6701 Måløy  
Norges Fiskarlags Servicekontor AS,  
avd. Sogn og Fjordane

Telefon: 57 85 39 99  
Telefax: 57 85 39 90  
Mobil: 951 95 294  
Bankgiro: 6554.10.09900

Norges Fiskarlag,  
Boks 1233 – Sluppen,  
7462 TRONDHEIM.  
Att.: Jan Birger Jørgensen – Elling Lorentsen.

Ark.: 5.7.

13. april 2016

Sogn og Fjordane Fiskarlag har på styremøte 11.04.16 handsama sak: Revidering av forskrift om hausting av tare i Sogn og Fjordane, og følgjande vedtak blei fatta:

**Sak 14/16- Revidering av forskrift om hausting av tare i Sogn og Fjordane.**

Sak motteken frå Sogn og Fjordane fylkeskommune datert 16.03.16.

**VEDTAK:**

Styret i Sogn og Fjordane Fiskarlag synes at forskrift for tarehausting tek for mye omsyn til virkningar for naturvern og fugl som vi ser over havoverflata. Forskrifta må også prioriterer opp økosystemet i sjø under havoverflata.

Fylket og kommunar har i mange år hevda at den eine sida i Bremangerpollen burde avsetjast utan tarehausting til forskning, utan å få gjennomslag for det. FMC som ansvarleg operatør for tarehausting burde engasjere fylket og HI med i eit slikt forskningsprosjekt for å kunne dokumentere at hausting ikkje har innverknad på oppvekst, fiskbestand og auke i fangstmengde for eit næringsfiske.

Sogn og Fjordane Fiskarlag går også imot at det blir auke i haustingsfeltet i Bremanger kommune ved at Rylandspollen er foreslått å bli opna for taretråling, utan noko fagleg grunngjeving. Forskrifta må ta omsyn til at det ikkje skal gje løyve til taretråling i gyteperioda på registrerte gyteområde som til dømes Bremangerpollen.


Styret i Sogn og Fjordane Fiskarlag konkluderer derfor at miljøet og livet under havoverflata ikkje er godt nok ivareteke. Vi krev derfor meir forskning for å sikre at vi kan sikre berekraftig sysseletting på kysten for fiskarar og taretrålarar.

Med helsing  
Sogn og Fjordane Fiskarlag

*Oddmund Kvalheim*

-----  
Oddmund Kvalheim

Kopi: Vidar Ulriksen  
Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
Lokallaga





## BREMANGER KOMMUNE PLAN OG FORVALTNING

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2

6863 LEIKANGER

Vår ref.  
15/1224-17/K3-&13, K2-U41//IH

Dykkar ref.

Dato:  
18.04.2016

### Fråsegn frå Bremanger kommune til revisjon av regional forskrift om hausting av tare for Sogn og Fjordane

Vi viser til dykkar ref 15/10125-6 og brev datert 16.03.16 om høyring av regional forskrift for hausting av tare for Sogn og Fjordane. Bremanger kommune har i sak FSK-041/16 den 14.04.16 gjort slikt vedtak:

#### FSK-041/16 Vedtak:

1. Bremanger kommune viser til fråsegn i samband med revisjon av tareforskrift for Sogn og Fjordane, FSK-063/15.

2. Bremanger kommune ønskjer ikkje å redusere dagens vernesone for taretråling i Bremanger kommune, slik arbeidsgruppa til Sogn & Fjordane fylkeskommune legg opp til i sitt forslag. Vi ønskjer derimot ei utviding av dagens vernesone til å gjelde innanfor ei line frå Olderveggen til Mulen (Frøya) i vest og avgrensa av Oldersundbrua i sør. Bremanger kommune ønskjer å utvide vernesona for å trygge ei langsiktig forvaltning av området som tek omsyn til både livet på havbotnen, men også for å hindre skader og øydeleggingar som kan oppstå i strandsona på fauna, sjøeigedomar og kulturminne. I lys av satsinga på reiseliv i Bremanger og med Grotlesanden og Grotle gamle kyrkjegard som fyrtårn i denne, er det direkte uforsvarleg å tillate slik aktivitet som taretråling i området. Stortaren sin bølgedempande effekt er godt dokumentert, og taren er derfor viktig for å hindre erosjon i det utsette landskapet nær Grotlesanden.

Bremanger kommune kan ikkje sjå at arbeidsgruppa til Sogn & Fjordane Fylkeskommune har lagt vekt på potensielle negative konsekvensar som taretrålinga medfører. Dette finn vi underleg, sidan ein ved ei god forvaltning skal ha ei føre var haldning. Bremanger kommune ønskjer ei kunnskapsbasert hausting av ressursane i havet, noko vi meiner ikkje kjem fram i planen for denne inndelinga av haustingsområda i vår kommune.

Taretråling har vore omstridt heilt sidan tidleg 80-tal, og det har heile vegen vore spurt etter dokumentasjon og forskning på kva negative konsekvensar slik aktivitet kan føre til. Bremanger kommune kan ikkje sjå at det har vore gjort noko grundig

konsekvensanalyse av ein uhilda part, og dermed kan ein ikkje einzijdig opne eit sårbart område for taretråling basert på synsing og aktørane si tru på at det ikkje har negative konsekvensar.

Når Fiskeridirektoratet sjøv peikar på at berre om lag 0,3 % av stortaren vert hausta kvart år, kan det ikkje vere naudsynt å hauste i sjøfuglreservat og andre utsette område. Bremangerpollen og området kring er eit viktig gyteområde for kysttorsk, men også eit område der andre artar som har stortaren i sin næringskjede har tilhald. Bremanger kommune ønskjer derfor å stenge området for taretråling. Likeeins krev vi totalforbod mot taretråling i sjøfuglreservatet i Frøyskjera. All slik aktivitet har negativ verknad på sjøfuglen og matfatet til den, ikkje berre under haustinga men i mange år etterpå.

Bremanger kommune krev eit verneområde som ivaretek heile det sårbare området på Bremangerpollen. Ei avgrensing frå Olderveggen i nord til Mula på Frøya i vest, og mot Oldersundbrua i sør, vil gjere at ein vernar det området som har vore mest utsett for negative konsekvensar av taretråling.

3. Vi støttar framlegget om endring av haustefelt for forenkling av kart og hausting.

Med helsing

Inger Hilde  
arealplanleggjar

Vedlegg utskrift av møteboka for sak FSK-041/16



**BREMANGER KOMMUNE**  
Sakspapir

Styre, råd, utval  
Formannskapet

Behandlingsdato  
14.04.2016

Saksnr.  
041/16

Sakshands.  
IH

Avgjerd av:	Arkiv: K3-&13, K2-U41	Arkivsaknr.: 15/1224
Saksansv.: Inger Hilde		

**Revisjon av regional forskrift om hausting av tare, handsaming av høyringsdokument**

**Dokumentliste:**

Nr.	T.	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	04.05.2015	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Revisjon av forskrift om hausting av tare
3	U	25.06.2015	Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Elisabeth Aune	Fråsegn til revisjon av forskrift for tarehausting for Sogn og Fjordane
4	I	13.10.2015	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Endring i forskrift om hausting av tang og tare
5	I	06.11.2015	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Referat Taremøte 30. 10.15
6	I	11.12.2015	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Referat taremøte 1.12.15
8	N	12.02.2016	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Referat frå møte i regional arbeidsgruppe for revisjon av tareforskrift
10	N	22.02.2016	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Vedk. referanseområder
13	N	23.02.2016	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Gjennomgang av ikkje-verna forskriftsområde
12	U	04.03.2016	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Utkast til høyringsdokument
9	N	11.03.2016	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Møtereferatet frå møte i regional arbeidsgruppe for revisjon av tareforskrift den 29.02.16
14	I	15.03.2016	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Brev til arbeidsgruppa for tare i Sogn og Fjordane om at Fylkesmannen trekkjer seg frå arbeidet med forskriftsendring
15	N	17.03.2016	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Stengt for taretråling i Bremangerpollen
7	I	18.03.2016	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Høyring- revidering av forskrift om hausting av tare i Sogn og Fjordane
11	N	21.03.2016	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Tilføyingar til referat 29.02.16

## Vedlegg :

Dok.nr	Tittel på vedlegg
118394	Brev til arbeidsgruppa for tare i SF om at FM trekkjer seg frå arbeidet med forskriftsendring 15 3 16.docx
105183	Revisjon av forskrift om hausting av tare, kommunen si fråsegn
118255	Høyring- revidering av forskrift om hausting av tare i Sogn og Fjordane.DOC

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1 Bremanger kommune viser til fråsegn i samband med oppstart av arbeidet med revisjon av tareforskrift for Sogn og Fjordane, FSK-063/15

2 Ein vurderer at det ikkje er gode grunnar for å minske stengde område i forskrifta. Dette gjeld og stenging av omsyn til sjøfugl.

3 Ein støttar endring av haustefelt for forenkling av kart og hausting, jfr framlegget

.....

### 14.04.2016 Formannskapet

#### FSK-041/16 Vedtak:

1. Bremanger kommune viser til fråsegn i samband med revisjon av tareforskrift for Sogn og Fjordane, FSK-063/15.

2. Bremanger kommune ønskjer ikkje å redusere dagens vernesone for taretråling i Bremanger kommune, slik arbeidsgruppa til Sogn & Fjordane fylkeskommune legg opp til i sitt forslag. Vi ønskjer derimot ei utviding av dagens vernesone til å gjelde innanfor ei line frå Olderveggen til Mula (Frøya) i vest og avgrensa av Oldersundbrua i sør. Bremanger kommune ønskjer å utvide vernesona for å trygge ei langsiktig forvaltning av området som tek omsyn til både livet på havbotnen, men også for å hindre skader og øydeleggingar som kan oppstå i strandsona på fauna, sjøeigedomar og kulturminne. I lys av satsinga på reiseliv i Bremanger og med Grotlesanden og Grotle gamle kyrkjegard som fyrårn i denne, er det direkte uforsvarleg å tillate slik aktivitet som taretråling i området. Stortaren sin bølgedempande effekt er godt dokumentert, og taren er derfor viktig for å hindre erosjon i det utsette landskapet nær Grotlesanden.

Bremanger kommune kan ikkje sjå at arbeidsgruppa til Sogn & Fjordane Fylkeskommune har lagt vekt på potensielle negative konsekvensar som taretrålinga medfører. Dette finn vi underleg, sidan ein ved ei god forvaltning skal ha ei føre var haldning. Bremanger kommune ønskjer ei kunnskapsbasert hausting av ressursane i havet, noko vi meiner ikkje kjem fram i planen for denne inndelinga av haustingsområda i vår kommune.

Taretråling har vore omstridt heilt sidan tidleg 80-tal, og det har heile vegen vore spurt etter dokumentasjon og forskning på kva negative konsekvensar slik aktivitet kan føre til. Bremanger kommune kan ikkje sjå at det har vore gjort noko grundig

konsekvensanalyse av ein uhilda part, og dermed kan ein ikkje einsidig opne eit sårbart område for taretråling basert på synsing og aktørane si tru på at det ikkje har negative konsekvensar.

Når Fiskeridirektoratet sjølv peikar på at berre om lag 0,3 % av stortaren vert hausta kvart år, kan det ikkje vere naudsynt å hauste i sjøfuglreservat og andre utsette område. Bremangerpollen og området kring er eit viktig gyteområde for kysttorsk, men også eit område der andre artar som har stortaren i sin næringskjede har tilhald. Bremanger kommune ønskjer derfor å stenge området for taretråling. Likeeins krev vi totalforbod mot taretråling i sjøfuglreservatet i Frøyskjera. All slik aktivitet har negativ verknad på sjøfuglen og matfatet til den, ikkje berre under haustinga men i mange år etterpå.

Bremanger kommune krev eit verneområde som ivaretek heile det sårbare området på Bremangerpollen. Ei avgrensing frå Olderveggen i nord til Mulen på Frøya i vest, og mot Oldersundbrua i sør, vil gjere at ein vernar det området som har vore mest utsett for negative konsekvensar av taretråling.

### 3. Vi støttar framlegget om endring av haustefelt for forenkling av kart og hausting.

.....

#### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Gjeldande forskrift om hausting av tare, Sogn og Fjordane, FOR-2011-10-04-989.  
Naturmangfaldlova.

#### Saka gjeld:

Revisjon av tareforskrifta for Sogn og Fjordane, høyring av framlegg til ny forskrift før vedtak hos Fiskeridirektoratet

#### Saksopplysningar/ vurdering:

Ein viser til tidlegare sak FSK-063/15 i samband med oppstart av planarbeidet for revisjon av tareforskrifta. Saksutgreiinga er vedlagt. Kommunen gav då følgjande fråsegn:

*«Bremanger kommune bed om at det ved revisjon av forskrift for hausting av tare i Sogn og Fjordane blir lagt til rette for gjennomføring av prosjektet «Aktiv forvaltning av marine ressursar», og at stortaren sin bølgedempande effekt blir del av totalvurderinga ved utarbeiding av hausteplan.*

*Eksisterande forbodssone i Bremangerpollen bør utvidast vestover til og med Grotle (Visholmen), for å verne mot erosjon og andre uheldige effektar av taretrålinga.»*

Bakgrunnen for arbeidet i gruppa som har utarbeidd høyringsframlegget er mandatet jfr nasjonal forskrift om hausting av tang og tare (FOR-1995-07-13 nr 642): « Fiskeridirektoratet kan fastsette regionale forskrifter om hvor og når det er tillatt å høste tare i den enkelte region. Forskriftsforslag utarbeides av fylkesvise grupper som ledes av fylkeskommunen». Det skal såleis gjerast ei konkret vurdering av kva område som bør vere opne/stengde. I høyringsbrevet frå Fylkeskommunen i samband med planoppstart (04.05.15) står det vidare «Arbeidsgruppa skal levere eit forskriftsforslag som tar omsyn til ulike interesser som taretråling, fiskeri, natur- og miljøvern med meir, i mars/april 2016».

Det har ikkje vore råd å kome fram til eit forskriftsframlegg som partane i arbeidsgruppa kan einast om å stå bak. Deltakar for Bremanger har difor bede om at det framgår av saka korleis prosessen i gruppa har vore, og korleis dei ulike partane ser på saka. Dette framgår delvis i det som no er til høyring. Ein har og bede om at det av vedtak av forskrifta framgår grunngjeving for vedtak, herunder grunngjeving jfr naturmangfaldlova. I samband med tidlegare sak om gjeldande forskrift, kan det sjå ut som det ikkje er tilfredsstillande dokumentert bakgrunn for vedtak, herunder grunngjeving for stengde område.


Det har i arbeidsgruppa vore ulike meiningar om i kva grad det skal takast omsyn til andre interesser enn taretråling, og i kva grad ein har grunnlag for å gjere vesentlege endringar i høve gjeldande forskrift.

I gjeldande forskrift er det stort sett ope for taretråling der ressursen finst, men det er unnateke nokre område av omsyn til andre interesser, slik ein har høve til jfr havressurslova og naturmangfaldlova, der det m.a. framgår at forvaltinga skal vere førevar i høve naturressursar og biologisk mangfald. Det er i medhald av tareforskrifta ikkje lov å tråle etter tare i ni kartfesta område av omsyn til sjøfugl. Det er vidare delvis opna for tråling i nokre sjøfuglreservat. Dette er ei ordning ein er komne fram til i tidlegare arbeid med tareforvaltning. I tillegg er Bremangerpollen frå Iglandsvik lykt tilogmed Rylandspollen, stengd for taretråling av omsyn til fare for erosjon av grus- og sandstrender og andre omsyn. Det er i ein eigen, nyare avtale mellom Bremanger kommune og FMC Biopolymer unnateke for taretråling i eit område på Ytre Grotle, her er tråling særleg konfliktylt grunna utsett kulturminne, gamle Grotle gravplass.


Område som er stengde for taretråling i medhald av naturvern-/eller naturmangfaldlova ynskjer Fiskeridirektoratet no å ta ut av forskrifta. Tareforskrifta treng ikkje nemne vern etter anna lovverk. Vidare er det ynskje om å ta ut fleire av områda som er strengde for taretråling i medhald av tareforskrifta. Dette meiner Fylkesmannen er i strid med tidlegare semje som låg til grunn for gjeldande forskrift, og at det ikkje er lagt fram gode grunnar for endringa. Sjøfuglreservata vart endra i samband med tidlegare arbeid, slik at dei opna for delvis tråling, og dette kan bli ein lang prosess å få endra att Fylkesmannen har meldt frå at dei trekkjer seg frå arbeidsgruppa, sjå vedlegg.

Bremanger sin deltakar i gruppa har meldt at kommunen ikkje støttar det framlagde forskriftsframlegget, då det inneber ein reduksjon av det tarestengde området som går frå Rylandspollen til Iglandsvik lykt. Ei kan ikkje sjå at det er lagt fram gode grunnar for å minske stengde område i høve gjeldande forskrift. Kommunen ynskjer jfr FSK-063/15 samanhengande tarestengt område vest til Visholmen (nordvestre hjørne utsnitt). I fråsegn frå Havforskningsinstituttet er Bremangerpollen nemnt som eit aktuelt referanseområde (notat motteke via Fylkeskommunen 22.02.16). Bakgrunnen er at området er stengt for taretråling. Ein viser og til planar for prosjektet «Aktiv forvaltning», som det er vedtak i kommunen om å delta i.





Bremangerpollen – Rylandspollen, Ytre Grotle, stengde område jfr dagens treforskrift



Stengt område jfr framlegg til ny forskrift (raudbrune)

Forskriftsframlegget legg vidare opp til ei forenkling av inndeling i haustefelt, som gjer kartlegging og hausting enklare.

### Konklusjon:

Ein vurderer at det ikkje er gode grunnar for å endre på gjeldande forskrift vedkomande område som er stengde for taretråling. Den gjeldande forskrifta er vedteken etter det ein reiknar med er ein omfattande og grundig prosess. Ein støttar endring av kartfesting av haustefelt jfr framlegget.

FMC Biopolymer AS  
P.O.BOX 2045  
N-5504 Haugesund  
Norway

Phone: +47 52856100  
Fax: +47 52856180

Org.nr: 980 859 525  
www.fmcbiopolymer.com  
www.stortare.no



**FMC BioPolymer**

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
postmottak.sentraladm@sfj.no

19.04.2016

## HØRINGSUTTALE – REVIDERING AV FORSKRIFT OM HØSTING AV TARE I SOGN OG FJORDANE - REF. 15/10125.

### Innledning

FMC viser til brev datert 16.03.2016 vedr. ovennevnte.

### Hvorfor skal vi høste tare i Norge?

Kommersiell høsting av tare har lange historiske tradisjoner i Norge og er en del av kystkulturen. Høstingen er lovhjemlet både i Grunnlovens § 110b og i Havressursloven.

I Havressursloven § 1 står det:

*"Formålet med lova er å sikre ei berekraftig og samfunnsøkonomisk lønsam forvaltning av dei viltleivande marine ressursane og det tilbøyrande genetiske materialet og å medverke til å sikre sysselsetjing og busetjing i kystsamfunna".*

Høsting av stortare skaper store verdier i Norge og representerer en næring med et betydelig potensiale for videre vekst og verdiskaping.

### Stortare – en fornybar ressurs

Stortare regnes som en av de største fornybare ressursene vi har i Norge. Samtidig høstes stortare kun i beskjeden grad i dag.

- Bestanden av stortare er i vekst langs kysten av Norge. Den totale biomassen av stortare er beregnet av Havforskningsinstituttet til 50 millioner tonn.<sup>1</sup>
- Årlig høstes det kun ca. 0,3 prosent av denne fornybare ressursen. Det tilsvarer om lag 2,5 prosent av den årlige tilveksten. Til sammenligning river stormer opp 10-20 prosent av biomassen hvert år.
- Høsting av tare representerer en viktig del av norsk kystkultur. Norge har 70 års erfaring med kommersiell høsting av tare, hvorav vi de siste 50 årene har høstet tare mekanisk med trål.
- Havforskningsinstituttet har gjennomført – og gjennomfører flere studier for å måle eventuell effekter av stortarehøstingen. De studiene som er gjennomført til nå viser at høstingen ikke påvirker marine organismer i nevneverdig grad.

<sup>1</sup> <https://www.imr.no/filarkiv/2012/03/stortare.pdf/nb-no>

- FMC samarbeider tett med Havforskningsinstituttet om overvåkning og kartlegging av stortarebestanden.
- FMC produserer alginat basert på stortare ved vår fabrikk i Karmøy kommune. De unike egenskapene til alginat basert på norsk stortare, gjør at etterspørselen er større enn det FMC kan levere.

#### **Stortare representerer et betydelig potensial for verdiskaping:**

Høsting og videreforedling av stortare representerer en næring med betydelig potensial for økt verdiskaping langs kysten av Norge.

- I rapporten *Verdiskaping basert på produktive hav i 2050*, som ble utgitt i 2012 av Det kongelige Norske Videnskabers Selskap (DKNVS) og Norges Tekniske Vitenskapsakademi (NTVA), anslås det at omsetningsverdien for makroalger (tang/tare) skal øke fra 1,1 milliarder kroner per år i 2010 til 40 milliarder kroner i 2050.
- Dette representerer en vekst på vel 3500 prosent i perioden. Dersom denne målsettingen innfris representerer dette et betydelig antall nye arbeidsplasser for kyst-Norge. Til sammenligning anslås tradisjonelt fiskeri å øke fra 27 milliarder kroner i 2010 til 50 milliarder kroner i 2050.

Som den største aktøren innen høsting av tare i Norge, ser FMC et betydelig potensial for økt verdiskaping i årene fremover.

#### **Om FMC:**

FMC Corporation er et internasjonalt konsern med hovedkontor i Philadelphia (USA). Totalt sysselsetter selskapet mer enn 5000 personer i 30 land. I Norge har FMC bidratt til å skape et norsk industrieventyr basert på stortare. Direkte sysselsetter FMC 170 personer i Norge og hele verdikjeden; høsting, prosessering og forskning/utvikling skjer her i landet. De siste tre årene er det investert mer enn 400 millioner i videreutvikling av fabrikkene i Karmøy kommune. Årlig omsetter FMC i Norge for 1,5 milliarder kroner. Vi driver i dag et mottaksanlegg på Vevang i Møre og Romsdal. Totalt opererer FMC 10 høstefartøyer, hvorav sju er eid av FMC. Alginat fra FMCs fabrikk, regnes som den mest etterspurte i verden. Vi er utsolgt og klarer ikke å møte etterspørselen. Alginat basert på norsk stortare brukes i en lang rekke produkter, fra avansert biomedisin til produksjon av tannpasta. Det pågår nå spennende forskningsprosjekt der egenskapene fra norsk stortare inngår i større kreftforskningsprosjekt.

#### **FMC sitt innspill til ny revidert forskrift:**

FMC er positive til det grundige arbeidet som er gjort i regi av Sogn og Fjordane fylkeskommune, som en del av revidering av forskrift om høsting av tare. Vi mener at en bærekraftig forvaltning av Norges stortareressurser er avgjørende for å opprettholde det marine økosystemet. Bærekraftig høsting og gjenvekst av stortare er helt essensielt for vår virksomhet.

#### Ny inndeling av høstefelt:

Arbeidsgruppens forslag til ny inndeling av høstefelt i Sogn og Fjordane er fornuftig, og vil være en forbedring både for næringen og forvaltningen.

Den nye inndelingen vil i en overgangsperiode medføre endret høstesyklus i enkelte områder. I noen områder blir det lengre høstesyklus, i andre områder kortere. Vår vurdering er at dette vil kunne gjennomføres uten at konsekvensene for næringen blir altfor store. Dersom den nye feltinndelingen skulle medføre problemer med råvaretilførselen for industrien, så bør det i en avgrenset periode kunne åpnes for "overgangsordninger".

Høsteregime:

Feltinndelingen synes å være fornuftig og FMC er tilfreds med at 5-årig høstesyklus foreslås videreført.

Forbudssoner innenfor åpne høstefelt:


Flertallet i arbeidsgruppen (som FMC var en del av) har valg å tilrå at verneområder hjemlet i andre forskrifter blir tatt ut av den regionale høsteforskriften. Dette er etter anbefalinger fra Fiskeridirektoratet sentralt og samsvarer med hva som har blitt gjort i tilsvarende prosesser i andre fylker.

FMC støtter foreslåtte referanseområder/forbudssoner slik det fremgår av høringsdokumentet.

FMC støtter også justert grense i Bremangerpollen, samt at det opprettes et referanseområde utenfor Grotle.

Med hilsen

Ole Damm Kvilhaug  
Råstoffsjef  
ole.dammkvilhaug@fmc.com  
+ 47 404 89 181



Sogn og fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 Leikanger

[postmottak.sentraladm@sfi.no](mailto:postmottak.sentraladm@sfi.no)

Innspel til høyring om taretråling

Selje Sp er positive til enkelte endringar føreslege i høyringa .

Vi meiner det er ei fornuftig endring å ikkje hauste to nærliggande områder same år. Dette av di det ofte er vanskelig for folk flest å sjå skilje på dei grensene som er sett. Områda ligg tett opptil kvarandre, og dermed vil den gjengse oppfatninga være at det drivast taretråling på same område fleire gonger i året.

Ein annan ting som og med fordel kan endrast er haustingsåret. Det er ein fordel i høve til ålmenta si oppfatning av haustinga at hausteåret føl kalenderåret. Då vil ein ikkje vil få den feiloppfatninga at taretrålarane trålar «i same område fleire gongar i året»

Når taren vert fjerna vil det vanlegvis vekse opp ny tare (gjenvekst). Fisk og skaldyr kan ikkje leve av tang og tare. Mikroorganismar og påvekstar på taren må vere tilstades for at det skal bli produsert nok næring for organismar høgare oppe i næringskjedene. Forsking viser at det går 8-10 år før desse mikroorganismane er tilbake i tilstrekkeleg mengde. Område der taren vert fjerna kvart 4./5. år fungerer såleis ikkje som oppvekstområde for fisk og skaldyr. Selje SP er derfor uroa over både fisk og skaldyr i området.

Når ein også ser kva tare som kjem inn på strendene på sørsida av Stadhalvøya (Drage-Fure), er det grunn til bekymring. Tilstanden i fjøra og den forvitringa av strandsona som har skjedd der er slik at vi fryktar dette har ein klar samanheng med den taretrålinga som føregår utanfor desse områda.

Selje SP rår derfor til å bandlegge områda rundt Drage-Fure for taretråling i nokre år framover

For Selje SP  
Sidsel Otnes  
Sign.







## Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Tore Larsen  
Telefon: 57643126  
E-post: [fmsftla@fylkesmannen.no](mailto:fmsftla@fylkesmannen.no)

Vår dato  
18.04.2016  
Dykkar dato  
16.03.2016

Vår referanse  
2015/1718-431  
Dykkar referanse

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 Leikanger

### Uttale til høyring av grunnlaget for revidert forskrift om hausting av tare i Sogn og Fjordane

Vi viser til brev frå Sogn og Fjordane fylkeskommune datert 16.3.2016, der resultatet av arbeidet med ny forskrift for tarehausting i Sogn og Fjordane blir sendt på høyring. Høyringsbrevet inneheld ikkje noko konkret forskriftsframlegg, men presenterer dei føringane ei lokal arbeidsgruppe ønskjer skal ligge til grunn for den reviderte forskrifta. Etter høyringa er det Fiskeridirektoratet sentralt som skal utarbeide og vedta ny forskrift.

Mandatet for arbeidet ligg i den nasjonale *Forskrift om høsting av tang og tare* (FOR-1995-07-13-642), der § 5 seier følgjande:

*«Fiskeridirektoratet kan fastsette regionale forskrifter om hvor og når det er tillatt å høste tare i den enkelte region. Forskriftsforslag utarbeides av fylkesvise grupper som ledes av fylkeskommunene.*

*Fiskeridirektoratet kan i samråd med Miljødirektoratet, åpne for høsting av tang og tare for inntil 5 år av gangen dersom det er sannsynlig at ressursen og økosystemet i området kan tåle den belastningen høstingen innebærer.*

*Høsting kan bare skje innenfor åpne felt, og på de vilkår som framgår av denne forskrift, de regionale forskriftene, samt forvaltningsplan for tang og tare.*

*Hele eller deler av åpne felt kan stenges før 5 år er gått dersom noen av forutsetningene tillatelsen bygger på bortfaller.*

*Fiskeridirektoratet kan også fastsette bestemmelser om varig forbud mot høsting av tang og tare i bestemte områder.»*

I høyringsbrevet blir det spesielt bede om tilbakemelding på arbeidsgruppa sine forslag til ny inndeling av haustefelt, hausteregime og forbodssoner innanfor opne felt. Vi vil likevel først peike på at arbeidsgruppa har brukt det vi oppfattar som ei omvendt tilnærming til oppgåva den har fått tildelt. Etter § 4 i nasjonal forskrift er tarehausting i utgangspunktet forbode «med mindre det i medhold av denne forskrift gis tillatelse til undersøkelse og utnyttelse av tang- og tareforekomster i bestemte områder». Men i staden for å diskutere i kva område det er sannsynlig at ressursen og økosystemet i området kan tåle den belastninga tarehausting inneber, har arbeidsgruppa heller tatt utgangspunkt i at tarehausting skal kunne skje overalt der anna lovverk ikkje er til hinder for det, og vurdert om det i det heile er aktuelt å skjerme enkelte område for taretråling.

Taretråling skjer i dag med fem års intervall, mens det biologiske mangfaldet treng 8-10 år før alle artane er tilbake på plass etter tråling. Påvekstalgar og assosiert fauna vil dermed vere utarma i eit område med regelmessig tarehausting, og det er slik sett ingen tvil om at taretråling har ein negativ verknad på artsmangfaldet i tareskog. NIVA-rapport LNR 5150-2060 konkluderte slik om eit område på Mørekysten: «Beregningene viser at innen de tareskogsområdene som direkte berøres av tråling vil taretrålingen

*redusere primær- og sekundærproduksjonen vesentlig. Primærproduksjonen blir redusert med ca 45 % og sekundærproduksjonen fra 70-98 %». På denne bakgrunnen er det vanskeleg å sjå at arbeidsgruppa med si spegelvende tilnærming til oppgåva har følgd opp føringane i § 4 i nasjonal forskrift om hausting av tang og tare.*

### **Ny inndeling av haustefelt**

Fylkesmannen er einig i at det er på høg tid å erstatte dagens papirkart med digitale kart som kan brukast i taretrålarane sine kartmaskiner. Ein kan da gå bort frå ei avgrensing av haustefelta basert på seglingsmerke, fyr og lykter, slik tilstanden no er i den delen av fylket som ligg sør for Flora kommune, og gå over til meir letthandterlege haustefelt. Arbeidsgruppa sitt framlegg er at heile kysten blir delt opp i haustefelt med ei breidde på 1 nautisk mil, slik det allereie har vore gjort i den nordlege delen av fylket i mange år. Fylkesmannen har ingen merknader til ei slik inndeling, som truleg kan vere positiv for havmiljøet. Endringa vil føre til at fleire til dels store og miljøfølsomme område som i dag blir hausta under eitt, får denne påverknaden fordelt over fleire sesongar. Med smalare hausteområde vil det vere mindre areal som blir utsett for hausting kvart enkelt år, som til dømes tareskogen rundt og i sjøfuglreservat og andre viktige naturområde.

Som eit døme kan nemnast at dagens haustefelt fører til at tareskogen heile vegen rundt det lille, men viktige Ryggsteinen naturreservat blir hausta på same tid, noko som truleg har påverka både bølgedemping og næringstilgang og vore ein medverkande årsak til at den lokale toppskarvkolonien har forsvunne. Med den føreslåtte nye inndelinga av haustefelt blir området rundt Ryggsteinen fordelt på to ulike haustingsår, slik at ein unngår å tråle heile nærområdet på ein gang. Men det blir berre to år mellom hausting av dei to felta, og problemet med utarming av det biologiske mangfaldet på grunn av fem års hausteintervall i kvart enkeltfelt vil framleis vere det same.

### **Hausteregime**

I dette omgrepet ligg i kva rekkefølge og med kva intervall dei ulike haustefelta skal haustast. Det er positivt at arbeidsgruppa i framlegget har forsøkt å unngå å hauste nabofelt i påfølgande år, men på grunn av den korte omløpstida på fem år mellom hausting av same felt er det i praksis ikkje mogleg å få lenger tidsintervall mellom nabofelt enn to og tre år.

Dagens femårlege haustesyklus er nok berekraftig ut frå ein reint ressursbasert definisjon av omgrepet berekraft, men om ein legg til grunn ein biologisk basert definisjon er fem års hausteintervall ikkje berekraftig fordi det biologiske mangfaldet knytt til tareskog ikkje er fullt utvikla i tareskog som er yngre enn 8-10 år. I praksis kan ein nok diskutere kva for ein definisjon av berekraft som er brukt i nasjonal forskrift om hausting av tang og tare («*Forskriftens formål er å sikre en bærekraftig utnyttelse av tang og tare som del av en helhetlig forvaltning av kystens ressurser og naturmiljø*») og i havressurslova («*Formålet med lova er å sikre ei berekraftig og samfunnsøkonomisk lønsam forvaltning av dei viltlevande marine ressursane og det tilhøyrande genetiske materialet og å medverke til å sikre sysselsetjing og busetjing i kystsamfunna*»), men ettersom forskrifta seier at føremålet er berekraftig bruk som del av ei heilskapleg forvaltning av naturmiljøet, og lova ser ut til å skilje mellom ei berekraftig og ei samfunnsøkonomisk utnytting, kan vi vanskeleg sjå at dagens praksis med fem års hausteintervall følgjer opp intensjonen i lovverket om ein berekraftig bruk av ressursane. Fylkesmannen føreslår derfor at dagens praksis med fem års hausteintervall blir fasa ut og erstatta av minst åtte, men gjerne ti års hausteintervall.

Det blir i dag brukt som eit argument for dei korte hausteintervalla at berre ein liten del av den tilgjengelege tareresursen blir hausta. Dette er ei vurdering basert på overslag over kor mange tare som er tilgjengeleg langs kysten, og kor stor del av tilgjengeleg tare som faktisk blir hausta. Problemet er at begge desse faktorane i reknestykka i praksis er ukjente, og derfor basert på omtrentlege vurderingar. Før ein har faktiske data tilgjengeleg om både samla tareresurs og kor stor del av taren som i snitt blir hausta i gitte område, er det etter vårt syn ikkje forsvarleg å praktisere hausteintervall som er kortare enn biologisk restitusjonsperiode. Her er det også naturleg å trekke fram at dei mest ettertrakta hausteområda (med best råstofftilgang) sannsynlegvis også er dei viktigaste områda for det biologiske

mangfaldet (stor produksjon, viktige oppvekstområde for fisk, viktige næringsområde for sjøfugl). Det betyr i så fall at det er mindre relevant kor mye stortare som eigentleg er tilgjengeleg, og kor stor del av denne som haustast. Problemet er heller *kvar* det haustast. Dette har arbeidsgruppa i praksis ikkje sett nærare på, fordi arbeidet har hatt eit utgangspunkt som er det motsette av føringane i nasjonal forskrift.

#### **Forbodssoner**


Arbeidet med gjeldande forskrift for tare i Sogn og Fjordane fokuserte i si tid på eitt enkelt punkt; kva naturreservat som etter nærare definerte retningslinjer kunne opnast for taretråling, og kva reservat som burde vere stengde. Ein la den gongen til grunn føringane som låg i St. meld. nr 43 (1989-99) *Vern og bruk i kystsona*, om at ein måtte vere forsiktig med å opne for taretråling i område med hekkande teist og skarv, fordi desse artane er knytte til tareskog når dei jaktar på fisk; og i viktige fjørfellingsområde der fuglane er avhengige av tareskog for å finne næring. Av omsyn til næringa sine ønske (mellom anna om ei jamn fordeling av tare mellom dei ulike åra i ein femårig haustesyklus) ende diskusjonane i gruppa likevel med at nokre sjøfuglreservat som etter føringane skulle ha vore stengde, blei opna for taretråling. For å kompensere for dette, blei det semje om at nokre område utanfor reservata skulle vere stengde for tarehausting. Det blei sett av ni slike stengde område. Desse områda blei i den etterfølgjande høyringa følgde opp på direktoratsnivå, og dei låg også til grunn for det arbeidet som blei gjort i 2005 på departementsnivå med å endre verneforskriftene for dei sjøfuglreservata som skulle vere opne for taretråling. I etterkant har det kome til to nye område på grunn av sterk lokal motstand mot taretråling; dette gjeld Indre del av Bremangerpollen og eit lite område utanfor den gamle kyrkjegarden ved Grotle i Bremanger.

I høyringsutkastet står det at arbeidsgruppa ikkje har samla seg om kva for nokre av desse områda som skal vere stengde for taretråling i ny forskrift, og at ein vil bruke høyringsinnspela som grunnlag for utarbeiding av framlegg til Fiskeridirektoratet sentralt. Det går likevel fram at eit fleirtal i arbeidsgruppa meiner at av dei totalt 11 områda som i gjeldande forskrift er stengde utan anna heimelsgrunnlag enn tareforskrifta sjølv, bør ein vidareføre seks. Dette gjeld dei to områda i Bremangerpollen (det eine med sterkt redusert areal) og fire av dei ni sjøfuglområda som skulle kompensere for at tarenæringa fekk sleppe til i sjøfuglreservat som etter retningslinjene burde ha vore stengde for taretråling.

Når det gjeld dei ni sjøfuglområda, meiner vi at forbodet mot tarehausting i utgangspunktet må vidareførast som no. Noko anna vil vere eit klart brot med føresetnadene for gjeldande tareforskrift, og det vil også vere eit brot med føresetnadene bak endringa i verneforskriftene som blei gjort gjennom kongeleg resolusjon i 2005 for dei sjøfuglreservata som da blei opna for taretråling. Ei vidareføring av dagens status vil heller ikkje bety nokon endring i ressurstilgangen for tarenæringa. Fylkesmannen kan likevel akseptere at sektoren rundt Værholmane i Kvalsteinane naturreservat blir sletta, ettersom undersøkingar gjennom det siste tiåret har vist at grunnlaget for stenginga ikkje lenger er til stades (Værholmane var i eldre rapportar oppgitt å vere hekkeplass for teist, men dette har ikkje blitt stadfesta ved sjøfuglteljingar av ny dato). For alle dei andre områda gjeld at dei er av verdi som hekkeplassar for skarv eller teist, og/eller dei fyller viktige funksjonar som myte- og vinterområde for sjøfugl. Dette er klare indikatorar på at områda har spesielle biologiske kvalitetar, som t.d. stor artsrikdom av smådyr knytt til tareplantane eller særleg verdi som oppvekstområde for fisk, men det sentrale poenget er at desse områda inneheld marine ressursar som er viktige for kystøkosystemet.

Det heiter i nasjonal forskrift om hausting av tang og tare § 5 at «*Fiskeridirektoratet kan også fastsette bestemmelser om varig forbud mot høsting av tang og tare i bestemte områder*». Til tross for dette blir det i høyringsbrevet berre lagt opp til å vidareføre «ikkje-verna» område frå gjeldande forskrift som såkalla referanseområde. Ein slik status betyr at Fiskeridirektoratet på eige initiativ kan endre grensene for områda eller oppheve dei heilt. Ei slik form for vern er etter vårt syn ikkje eigna til å sikre miljøverdiar på lang sikt. Så lenge dei aktuelle områda kompenserer for taretråling i sjøfuglreservat med hekkande teist og skarv og/eller med viktige myte- og vinterfunksjonar, må dei ha varig forbod mot taretråling slik §5 i nasjonal forskrift om hausting av tang og tare opnar for.

I høyringsbrevet står det til slutt at «det er ikkje funne nokon fagleg grunngjeving for at Bremangerpollen er stengt for taretråling», og at ein ut frå dette føreslår å opne den sørlege halvdelen av området for tarehausting. Dette er ei formulering som er eigna til å gje inntrykk av at ein har gått gjennom eit faggrunnlag og vurdert at dette ikkje held mål, mens realiteten er at ein ikkje har funne sakspapir frå den aktuelle prosessen. Inntil ein faktisk kan legge på bordet data som tilseier at Bremangerpollen ikkje har verdiar som er følsame for taretråling, kan vi ikkje sjå at det er grunnlag for å endre statusen for området. Når det gjeld området ved Grotle gamle kyrkjegard, har vi på flyfotoet til høgre lagt grensa for det føreslått stengte området inn med raud strek, mens plasseringa av kyrkjegarden er markert med gul sirkel: Det meste av det føreslått taretrålfri området består av sandbotn, og har såleis liten verdi med tanke på bølgedemping. For å etterkomme ønska om å behalde eit bølgedempande tarebelte i området og på den måten dempe vidare erosjon og utgraving av området ved kyrkjegarden, må det setjast igjen langt meir tareskog mot vest enn dei drygt 100 metrane som ligg inne i framlegget.



#### Konklusjon

Tarehausting kan potensielt ha ein lokalt sterk negativ påverknad på tareskog, som er blant dei mest arts- og individrike marine naturtypene, og svært viktig for det biologiske mangfaldet. Årsaka til den negative påverknaden er at hausting skjer med intervall som er kortare enn den tida artsmangfaldet treng for å ta seg opp etter hausting. Regelmessig trålte område blir såleis haldne i ein tilstand med varig redusert biologisk mangfald.

For å bøte på dette føreslår Fylkesmannen at dagens praksis med fem års hausteintervall blir fasa ut og erstatta av minst åtte, men gjerne ti års hausteintervall. Vi meiner også at framlegget om å opne biologisk viktige område som i dag er stengde etter gjeldande tareforskrift er urimeleg. Arbeidsgruppa har i framlegget ikkje på nokon måte grunngitt kvifor ein ønskjer å opne områda, og med bakgrunn i påstanden om at tarenæringa berre haustar ein svært liten del av den samla taresressursen langs Norskekysten, kan vi heller ikkje sjå at det er nødvendig å hauste i område med dokumentert store og sårbare miljøverdiar. Opning av desse områda vil derimot vere eit klart brot med føresetnadene for gjeldande tareforskrift, og det vil også vere eit brot med føresetnadene bak endringa i verneforskriftene som blei gjort gjennom kongeleg resolusjon i 2005 for dei sjøfuglreservata som da blei opna for taretråling. Dei aktuelle områda må etter vårt syn bli stengde på varig basis, slik at status berre som «referanseområde» dermed er uakseptabelt.

Ei vidareføring av dagens status for dei stengte områda vil heller ikkje bety nokon endring i ressurstilgangen for tarenæringa.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal  
fylkesmiljøvernssjef

Tore Larsen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi pr. epost til Miljødirektoratet



FISKERIDIREKTORATET

Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
Askedalen 2

6863 LEIKANGER

Saksbehandler: Inger Mette Sefland  
Telefon: 48001439  
Seksjon: Ressurskontrollseksjonen i  
region Vest  
Vår referanse: 15/6080  
Deres referanse:  
Vår dato: 20.04.2016  
Deres dato:

Att:

## REVIDERING AV FORSKRIFT OM HAUSTING AV TARE I SOGN OG FJORDANE - SUPPLERENDE MERKNADER

Vi viser til brev av 16.03.2016.

Som supplerende merknad til det utsendte forslaget, vil region vest vise til at det samtidig pågår en revidering av tareforskriften i Hordaland. Dette forslaget vedlegges. Slik region vest ser det er det tre punkter som kan være relevante for Sogn og Fjordane, pkt. 4.1,4.2 og 4.3.

Med hilsen

Vidar Ulriksen  
seksjonssjef

Inger Mette Sefland  
seniorrådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og sendes uten underskrift*

**Mottakerliste:**

Sogn og Fjordane Fylkeskommune Askedalen 2

6863 LEIKANGER

**Vedlegg**

FORSLAG TIL FORSKRIFT OM TAREHAUSTING I HORDALAND

Naturvernforbundet, Forum for Natur og Friluftsliv, Sogndal Dykkarklubb,  
Norsk Ornitologisk Forening, Norges Jeger og Fiskerforbund

Den 20. april 2016

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 Leikanger  
[postmottak.sentraladm@sfi.no](mailto:postmottak.sentraladm@sfi.no)

## **Høyringsfråsegn- revidering av forskrift om hausting av tare i Sogn og Fjordane**

### **Endringane i framlegget**

Det er ikkje heilt enkelt å skjønne dei karta som ligg i utkastet som figur 2 og 3. Vi forstår det likevel slik at dette framlegget til føresegn inneheld ei utviding av området for taretråling. Nå skal praktisk tala heile kysten i fylket inn i ei regelrett stripehausting med ein syklus på fem år frå ei hausting til neste.

Vi har òg oppfatta at dette framlegget fjernar halvparten av dei 12 utvalde områda som i gjeldande føresegn har forbod mot taretråling. Det går vidare fram at dei seks som er igjen, skal ikkje lenger vere område som er stengde for taretråling, men referanseområde der Fiskeridirektoratet står friare til å avgjere om tråling likevel kan vere akseptabelt.

Dei 12 forbodsområda skulle vere ein kompensasjon for at det i gjeldande føresegn vart opna for tråling innanfor grensene av etablerte naturreservat, utan at forbodet mot tråling i reservata vert innført igjen. Altså er ein del av dei omsyna som vern skulle sikre, fjerna, og levert over til næringsinteressene som mindre restriksjonar på drifta.

### **Grunngjevinga for endringane**

Taretråling er flatehogst i sjøen. Drifta går ut på å hauste store delar av primærproduksjonen, ein del av næringsgrunnlaget for anna liv i havet. Tareskogen er heim for eit mylder av andre organismar, som oppvekstplass, skjulestad og andre funksjonar. Ingen kjenner dette samspelet særleg godt. Havforskningsinstituttet har først nyleg sett i gang eit arbeid for å finne ut kva som er konsekvensane av taretråling. Det er likevel klart, etter vår oppfatning av tilgjengeleg kunnskap, at taretråling er eit alvorleg inngrep i det økosystemet som tareskogen er fundamentet for. Den historiske regelen ved ny utnytting av naturgode, er at kunnskapen om konsekvensane veks mykje seinare enn den normalt skadelege drifta.

I høyringsutkastet står der ingen ting om at gruppa har gjort ei avveging mellom nytten av å utvide haustingsareala og skadane ved å gjere det. Gruppa har sett til sides § 1 i havressurslova, som har eit todelt føremål: *å sikre ei berekraftig forvaltning og ... og å sikre sysselsetjing og busetting i kystsamfunna*. Ei berekraftig forvaltning går ut på å drive slik at variasjonen i artslivet, også den genetiske, og den allsidige produktiviteten ikkje går ned. Om arbeidsgruppa meiner dette kravet er oppfylt, står der ingen ting om i dokumentet, og vi sit at med det inntrykket at emnet har ikkje vore av interesse å bry seg med. Trålarinteressene har fått lov å gå fritt med fana høgt heva gjennom arbeidet med høyringsutkastet.

Hovudregelen for ei langsiktig og forsvarleg forvaltning av stortaren, i tråd med føremålsparagrafen i havressurslova, må vere at utnyttinga ikkje går varig ut over produksjonsgrunnlaget og artsinnhaldet i havet. Innanfor dei grensene som dette omsynet set, kan utnyttinga gje grunnlag for arbeid og busetting, dersom det kjem kystsamfunna til gode. I dag er praksis den motsette: Å maksimere den økonomiske gevinsten og å la konsekvensane bli deretter.

### **Effektar av taretråling**

Med litt økologisk innsikt seier det seg sjølv at taretråling er rasering av dei samfunna av liv som vert råka, om lag som ved bombing av byar. Ikkje alt vert øydelagt, ikkje alle døyr og etter ei tid kan byen vere i funksjon igjen. Med stripehausting kvart femte år gjer føresegna øydeleggingane til ein regelbunden rutine.

Tilveksten i tareskogen er visstnok så rask at volumet som vert hausta har vokse opp igjen etter fem år. Men mange kjende organismar med tareskogen som sitt livsgrunnlag, treng minst 8-10 år før dei har etablert seg igjen. Ein haustesyklus på fem år inneber altså ein permanent tilstand med underutvikla liv i tarefelta. Fisk og sjøfugl vert økologiske flyktningar som ikkje har nokon annan stad å søkje asyl og overleving.

NIVA fann etter ein studie på Mørkekysten at i *"de tareskogsområdene som direkte berøres av tråling vil taretrålingen redusere primær- og sekundærproduksjonen vesentlig.*

*Primærproduksjonen blir redusert med ca 45 % og sekundærproduksjonen fra 70-98 %".*

Tala viser altså bortimot ei halvering av planteveksten og nær rasering av dei organismane som har plantelivet som eksistensgrunnlag. Dette skal altså – med heimel i ei føresegn i 2016 – bli ein permanent tilstand langs kysten av Sogn og Fjordane. Vi kjenner til at Fiskeridirektoratet meiner trålinga får med seg berre ein liten del av taren der reiskapen fer fram. Dette gjev likevel ikkje nokon grunn til å hevde at konsekvensane av taretrålinga er små, om ikkje tala frå NIVA som vi har nemnt ovanfor, er aldeles feil.



Sjøfuglflokkane langs kysten er i dramatisk nedgang, langt meir enn det naturlege svingingar skulle tilseie. Ornitologane verkar samde om at mangel på næring, vesentleg fisk, er ein viktig grunn til at foreldra ikkje får ungar på vengjene. Når Norsk institutt for naturforskning har funne at rundt 90 prosent av dei fiskeartane som storskarven lever av, er borte minst eit år etter taretråling, er det ein alvorleg indikasjon, truleg eit prov, på at taretråling er som gruvedrift på livet – det vert mindre og mindre liv igjen etter kvart som utnyttinga held fram. Vi meiner å ha dekning for at taretråling er ei verksemd som får drive utan at forvaltninga gjer sine vedtak på eit forsvarleg grunnlag av kunnskap, men som driv i ly av forvaltningsorgan som handlar heilt på utsida av føre var-regelen. Den seier korleis varsemd skal vere handlingsregelen når god kunnskap manglar.

### Konklusjon

For å hindre langvarige og kanskje uopprettelege skadar på tareskogen som eit viktig grunnlag for livet i havet – medrekna sjøfuglane – er det godt fagleg grunnlag for å endre høyringsframlegget på to punkt:

1. Å vidareføre alle dei eksisterande områda med forbod mot taretråling, som klare forbodsområde.
2. Å gjere trålingssyklusen om frå femårig til tiårig, eventuelt ta annakvar stripe på fem nautiske mil ut av føresegna. Då vil kanskje store nok areal kunne kompensere for det tapet av livsgrunnlag som hausting kvart femte år inneber.

Med helsing


Elisabeth Dahle (sign.), koordinator i Forum for natur og friluftsliv  
Anders Braanaas (sign.), for styret i Norsk Ornitologisk Foreining  
Alf Erik Røyrvik (sign.), leiar i Norges Jeger- og Fiskerforbund  
Helge Reksnes (sign.), leiar i Sogndal Dykkarklubb  
Erik Solheim (sign.), rådgjevar i Naturvernforbundet Sogn og Fjordane

Kontaktperson: Erik Solheim

Epost: [erik.solheim@enivest.net](mailto:erik.solheim@enivest.net) Tlf: 57 72 45 31 Mob: 952 56 950



Naturvernforbundet  
i Sogn og Fjordane



**SDK** SOGNDAL  
DYKKARKLUBB





### Saksframlegg

Utval kode	Utval namn	Saksnummer	Møtedato
BYST	Bystyret		

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anders Espeset	K2 - K12, K3 - &00	16/957-2

### Uttale til ny taretrålingsforskrift for Sogn og Fjordane

#### Framlegg til vedtak:

1. Flora kommune tilrår og ber om at sjøfuglreservat Aralden forblir stengt for taretråling i ny forskrift for taretråling for Sogn og Fjordane.

2. Flora kommune ber Fiskeridirektoratet ha særleg fokus på konsekvensar for oppveksthøve for fisk, og der kunnskapsgrunnlaget er mangelfult nytte "føre var prinsippet" ved endeleg utforming av ny forskrift.

Terje Heggheim  
rådmann

Ragnhild Olaus Gram Skår  
konstituert plansjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur*

## **Vurdering:**

Viser til høyringsutkastet om at arbeidsgruppa ikkje har samla seg om kva område som skal vere stengt for tråling i ny forskrift.

Rådmannen meiner at kunnskapsgrunnlaget for ny taretrålingsforskrift er mangelfullt, og særleg at det blir opna for tråling i fleire av dei områda som i dag er stengt for taretråling. Fylkeskommunen held, i samarbeid med NGU og kommunane Flora, Bremanger, Vågsøy og Selje, på med kartleggingsprosjektet Marine Grunnkart. Dette vil gje betre grunnlag for å vurdere all bruk av dei marine ressursane. I lys av at dette manglar er rådmannen kritisk til at ny forskrift opnar for taretråling i fleire av dei områda som er stengt for tråling i dagens forskrift.

For Flora kommune er det 3 områder som i dagens forskrift er stengt for taretråling pga at her er viktige hekkeområde for sjøfugl som er sårbare for taretråling. Desse er: Aralden, Værholmane og Sverslingane. I forslaget til ny forskrift er foreslått å opne for taretråling i Aralden og Værholmane. Begge dei to områda ligg i tilknytning til sjøfuglreservat, og begge blei i si tid (den første forvaltingsplanen for tare, for ti år sidan) forhandla fram som kompensasjon for at taretrålarane fekk sleppe til i enkelte sjøfuglreservat.

Begge er basert på opplysningar frå sjøfugltellingar som utgjorde grunnlaget for verneplanen for sjøfugl, og for begge sin del er det førekomsten av hekkande teist som har vore utslagsgjevande for dagens status. Teist er ein art som er spesielt utsett for taretråling nær hekkeplassane, fordi teisten fangar fisk i tareskogen rundt reirområdet og derfor er avhengig av intakt tareskog ved hekkeplassen.

Aralden er i framlegget til verneplan for sjøfugl i Sogn og Fjordane (frå 1991) oppgitt å vere ein viktig hekkeplass for teist, med 10-20 hekkande par. Dei årlege teljingane Fylkesmannen og Statens Naturoppsyn har gjennomført i sjøfuglreservata dei siste 10-12 åra har stadfesta at det hekkar teist i området, sjølv om der ikkje er registrert såpass store tal (men Aralden er vanskeleg tilgjengeleg, og kan berre teljast opp grundig ved nærast blikkstilte sjø).

Værholmane er del av Kvalsteinane naturreservat, og på grunn av opplysningar i ein rapport frå 2000 om hekking av teist på Værholmane blei eit område rundt desse stengt for taretråling sjølv om resten av Kvalsteinane blei opna for hausting. Under Fylkesmannen sine teljingar i ettertid er knapt påvist teist i det heile ved Værholmane, men derimot hekkar dei i bra tal ved Kvannskjeret heilt sør i Kvalsteinane NR.

Værholmane ser med andre ord ikkje ut til å vere hekkeplass for artar som er spesielt følsame for taretråling. Aralden derimot, har ein slik status.

På bakgrunn av dette er rådmannen kritisk til å opne for taretråling i Aralden, og tilrådinga frå rådmannen er difor at Aralden blir vidareført stengt for taretråling i ny forskrift.

Når det gjeld forhold for fiskeressursane, så meiner fagorganeet Fiskeridirektoratet at her ikkje er er kryssande konflikter i høve til taretråling. Men igjen henviser rådmannen til det mangelfulle kunnskapsgrunnlaget, og meiner at ein må tenke føre var før utforming av ny forskrift.

### **Økonomiske konsekvensar:**

Ingen

### **Miljømessige konsekvensar:**

Rådmannen meiner at kunnskapsgrunnlaget for ny taretrålingsforskrift er mangelfullt og at det difor er vanskeleg å vere konkret på miljømessige konsekvensar.

### **Aktuelle lover, forskrifter, avtalar mm:**



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	14.04.2016	051/16

Endeleg vedtak i: Formannskapet	Arkivsaknr.: 16/31	Saksansvarleg: Knut Ove Leite
------------------------------------	-----------------------	----------------------------------

## Høyring ny forskrift om hausting av tare i Sogn og Fjordane

### Rådmannen si innstilling

Formannskapet viser til ny forskrift om hausting av tare i Sogn og Fjordane, og ber om at området ved Stallbrekka også i ny forskrift vert stengt for tråling. Formannskapet har ikkje merknader til øvrige framlegg.

### 14.04.2016 Formannskap

#### Møtebehandling:

Rådmann Knut Ove Leite orienterte.

#### Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

F-051/16

#### Vedtak:

Formannskapet viser til ny forskrift om hausting av tare i Sogn og Fjordane, og ber om at området ved Stallbrekka også i ny forskrift vert stengt for tråling. Formannskapet har ikkje merknader til øvrige framlegg.

## Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Kystsonenplanen, forskrift om hausting av tare.

## Bakgrunn for saka

Det har vore ei nemnd i arbeid med å revidere forskrifta for hausting av tare i Sogn og Fjordane. Solund, Flora og Bremanger kommunen har representert kommunane i utvalet som har vore leia av Næringsavdelinga. Sogn og Fjordane Fiskarlag er og mellom dei som har vore med på arbeidet.

## Saksopplysningar / fakta

Det blir gjort framlegg om nokre endringar. For Vågsøy sin del er den viktigaste at området vest for Stalbrekka vert opna for tråling. Det er lagt opp til å konkludere basert på høyringane som kjem inn.

Det er også med basis i moderne teknologi gjort enkelte endringar i sonene der ein ikkje tek utgangspunkt i fastmerke/fyrlykter, men digitale kart.

Systemet er elles vidareført med soneinndeling der det periodisk skal trålast med faste mellomrom. Det inneber at det skal vere 5 år mellom kvar gong det vert tråla på same stad.

## **Vurdering / konsekvensar**

Rådmannen ser ikkje grunn til å støtte opning av området ved Stalbrekka for tråling. Størstedelen av sjøarealet i kommunen er i dag tilgjengeleg. I det nye framlegget er det berre området ved Klovningen som er halde utafør.

Vedlegg:

Dok.nr  
187501

Tittel på vedlegg

Høyring- revidering av forskrift om hausting av tare i Sogn og Fjordane - frist 20.04.2016